



## MØTEPROTOKOLL

### Kontrollutvalet

**Dato:** 26.11.2013      **Kl.:** 10.00 – 13-10      **Stad:** Kommunestyresalen, Bømlo rådhus  
**Saknr.:** 33/13 – 41/13

### MØTELEIAR

Sonja Hellen Sele (H)

### DESSE MØTTE

Sonja Hellen Sele (H)  
Georg Lønning (H)  
Kåre Habbestad (SP)  
Terje Olav Nesse (V)  
Svanhild Vespestad (Ap)

### FORFALL

John-Kåre Torkelsen (Krf)

### DESSUTAN MØTTE

Deloitte AS v/ Silje Sivertsen var med i heile møtet.  
Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet v/ Hogne Haktorson.  
Sunnhordland Interkommunale Barnevernteneste (SIB) v/ leiar Trine Hjertholm og Bømlo kommune v/ kommunalsjef oppvekst Geir E. Aga møtte under sak 37/13, orienteringssak nr. 1 om SIB.  
Bømlo kommune v/ organisasjonssjef Aud Gunn Løklingholm møtte i sak 35/13 og 37/13 nr. 1.

## Sakliste:

33/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
34/13	Godkjenning av protokoll frå møte 17.9.13
35/13	Rådmannen orienterer
36/13	Evaluering av plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll
37/13	Orientering
38/13	Meldingar
39/13	Bestilling av selskapskontroll
40/13	Kontrollutvalet sin møterett i generalforsamlingar.
41/13	Gjennomgang av møteprotokollar
	Eventuelt

### **33/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

#### HANDSAMING I MØTET

Det framkom ingen redaksjonelle merknader til innkalling og sakliste.

#### VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

### **34/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 17.9.2013**

#### HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 17.9.2013.

#### VEDTAK

Protokoll frå møte 17.9.2013 vart samrøystes godkjend.

### **35/13 RÅDMANNEN ORIENTERER**

#### FORSLAG TIL VEDTAK

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

#### HANDSAMING I MØTET

Det var organisasjonssjef Aud Gunn Løklingholm som gav orienteringane på vegne av rådmannen.

1. Kommunen sin praksis i høve dokument til offentleg ettersyn, og fri tilgjenge til offentleg dokument:
  - Elektronisk postliste på kommunen si heimeside inneheld alle offentlege dokument for dei siste åra.
  - «Bømlonytt» vert nytta for å gje informasjon om kvar ein kan finna særskilte dokument.
  - Kommunestyrepapir vert lagt på kundetorg og bibliotek.
  - Reguleringsplan og kommuneplan vert lagt på kundetorget
  - Opplysning om eigedomsskatt vert kunngjort, og dokument lagt på kundetorg og bibliotek.
  - Det er ikkje fri tilgang for publikum til å gå direkte til kontor utan etter avtale, av omsyn til oversikt over kven som «er i gongane» og for å gje sakshandsamarane tid til sakshandsaming.
  - Om nokon oppsøker rådhuset utan timeavtale, ser ein likevel på muligheten for at vedkomande kan få møta sakshandsamar.
  - Kontorplass for ein tilsett frå teknisk etat i resepsjonen.
2. Seniorpolitikk i Bømlø kommune:
  - Særskilt ordning for tilsette mellom 62 og 65 år, utanom undervisningspersonale, kan utløyse kr. 18.000,- pr. år i tilretteleggingstilskot og kr. 4.000,- i lønstillegg pr. år for heil stilling.
  - Målsetting om at personell står lenger i jobb og at kommunen må betala mindre til pensjonsselskapet ifm. uttak av AFP.
  - Årleg «seniorsamtale». Kan då evaluera tiltaket undervegs.
  - Undervisningspersonalet kan nytta sentral særavtale.
  - Kommunen evaluerar ordninga i desse dagar og har oppnemnt ei arbeidsgruppe. Rådmannen si leiargruppe er styringsgruppe.
3. Utdeling av jaktvald:
  - Kommunen har no 33 jaktvald, der kravet i dag er minst 1200 dekar samanhengande landareal.
  - Dei som samarbeidar om eit jaktvald er ugild ved avgjerd om oppretting av dette jaktvaldet.

- Ved fordeling av jaktløyve er ein gild, då det meir er matematikk ut frå kor store jaktvalda er og kor mange fellingsløyve det er totalt sett.

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt forslag til vedtak samrøystes vedteke:

## VEDTAK

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

### **36/13 EVALUERING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL**

#### FORSLAG TIL VEDTAK:

- Kontrollutvalet vil gjennomføra prosjekt med å evaluera dei gjeldande planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for perioden 2012 – 2016.
- Deloitte vert beden om å utarbeida forslag til ein enkel prosjektplan for gjennomføring, som viser timeramme for arbeidet. Prosjektplanen skal leverast innan ..... Kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariat får fullmakt til å godkjenna prosjektplanen / timeramma.
- Når prosjektplanen er godkjent vert Deloitte i neste møte beden om å gjennomføra ein prosess med evaluering av planane saman med kontrollutvalet, med fokus på risiko og vesentlighet for aktuelle prosjekt.
- Deloitte utarbeider deretter eit dokument som oppsummerar kontrollutvalet sine vurderingar, og at dette vert eit tilleggsdokument for eksisterande planar. Dei justerte planane vert oversendt kommunestyret til orientering.
- Kontrollutvalet vert også beden om å tenkje i gjennom til neste møte, om det er noko som dei meiner har endra risikobiletet i kommunen på ein slik måte at det bør gjerast endringar i planane.

#### HANDSAMING I MØTET

Det vart lagt opp til å koma med evnt. moment i møtet, som bør vurderast ifm. evaluering av gjeldande planverk. Deloitte tar desse momenta med seg i det vidare arbeidet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### VEDTAK:

- Kontrollutvalet vil gjennomføra prosjekt med å evaluera dei gjeldande planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for perioden 2012 – 2016.
- Deloitte vert beden om å utarbeida forslag til ein enkel prosjektplan for gjennomføring, som viser timeramme for arbeidet. Kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariat får fullmakt til å godkjenna prosjektplanen / timeramma.
- Når prosjektplanen er godkjent vert Deloitte i neste møte beden om å gjennomføra ein prosess med evaluering av planane saman med kontrollutvalet, med fokus på risiko og vesentlighet for aktuelle prosjekt.
- Deloitte utarbeider deretter eit dokument som oppsummerar kontrollutvalet sine vurderingar, og at dette vert eit tilleggsdokument for eksisterande planar. Dei justerte planane vert

oversendt kommunestyret til orientering.

- Kontrollutvalet vert også beden om å tenkje i gjennom til neste møte, om det er noko som dei meiner har endra risikobiletet i kommunen på ein slik måte at det bør gjerast endringar i planane.

### 37/13 ORIENTERINGSSAKER

#### HANDSAMING I MØTET

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Sunnhordland Interkommunale Barnevernsteneste (SIB)	Generell orientering om status for barnevernstenesta, med særleg fokus på Bømlo kommune v/ dagleg leiar i SIB Trine Hjertholm. <ul style="list-style-type: none"><li>• Sams barnevernsteneste for kommunane Bømlo, Stord og Fitjar, med Stord kommune som vertskommune.</li><li>• Det er 30 medarbeidarar på 24 ½ årsverk. Bra auke siste åra, men ligg likevel under norm.</li><li>• God kultur i Bømlo for å ta på seg å vera fosterheim.</li><li>• Orientering og om tal «barnevernssaker», kvar bekymringsmeldingar kjem frå, barnevernet sine tidsfristar, rettssystem inkl. anke og om nytt lovverk frå 2014.</li></ul>
2	Sekretariatet	Status iPad bruk. <ul style="list-style-type: none"><li>• Framleis ønskje om sakstfang på papir, i tillegg til elektronisk utsending.</li></ul>
3	Sekretariatet	Vidare opplæring av kontrollutvalet. <ul style="list-style-type: none"><li>• Det er ca. 80-90 påmeldt til folkevaldopplæring på Solstrand 6. - 7./3-2013, derav 4 frå KUV i Bømlo kom.</li></ul>
4	Sekretariatet	Første kontrollutvalsmøte i 2014. Forslag er satt til 18.2.2014. <ul style="list-style-type: none"><li>• Utvalet støtta forslaget.</li></ul>
5	Sekretariatet	Fokus på etikk i kommunen – KUV må vurdere å ta initiativ til evaluering av etisk regelverk i kommunen. <ul style="list-style-type: none"><li>• Ønskje om å invitera rådmannen inn på neste KUV-møte.</li></ul>
6	Sekretariatet	NKRFs kontrollutvalgskonferanse 2014 vert avvikla 5. – 6.2.2014 på Clarion Hotel Oslo Airport, Gardermoen. Påmeldingsfrist 19.12.2013. <ul style="list-style-type: none"><li>• Program vart delt ut i møtet.</li><li>• Interesserte tar dette opp med kontrollutvalsleiaren.</li></ul>
7	Sekretariatet	FKT fagkonferansen 2014 vert avvikla i Haugesund på Rica Maritim den 3. – 4.6.2014. <ul style="list-style-type: none"><li>• Utvalet merka seg stad og tid.</li></ul>
8	Deloitte AS	Interimsrevisjonsrapport 2013. <ul style="list-style-type: none"><li>• Deloitte AS v/ Silje Sivertsen orienterte kort om denne.</li></ul>
	Eventuelt	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ikkje fleire orienteringssaker.</li></ul>

Vedtaket var samrøystes.

#### VEDTAK

[Orienteringssak nr. 4 om neste møtedato for KUV.](#)  
Første kontrollutvalsmøte i 2014 vert sett til 18.2.2014.

[Orienteringssak nr. 5 om etisk regelverk.](#)

Kontrollutvalet ber om at rådmannen orienterar kontrollutvalet på neste møte om status i høve arbeid med etikk i Bømlo kommune. Ei slik orientering kan t.d. innehalda slike opplysningar:

- Kva er gjort på området siste året?
- Kva er planlagt å gjera det neste året?
- Er det gjennomført dilemmatrening?
- Er det halde kurs eller seminar?
- Osv.

[Orienteringssak nr. 6 om NKRF sin kontrollutvalgskonferanse på Gardermoen, 5. – 6./2-2014](#)  
 Interesserte tar dette opp med kontrollutvalsleiaren.

Kontrollutvalet tar resten av informasjonen til orientering.

### 38/13 MELDINGAR

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Kommunestyret	Endring av reglement for godtgjersle til folkevalde – Pensjon.
2	Kommunestyret	2. tertialrapport 2013.
3	Kommunestyret	IA – rapportering.
4	Kommunestyret	Arbeidsmiljøundersøkinga 2013.
5	Kommunestyret	Rapport etter forvaltningsrevisjon av Barne og familietenesta i Bømlo kommune. (KUV si innst. vart samrøystes vedteken av kommunestyret)
	Eventuelt	Ikkje noko herunder

### FORSLAG TIL VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

### HANDSAMING I MØTET

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

### 39/13 BESTILLING AV SELSKAPSKONTROLL

#### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, til sekretariatet innan.....
2. Prosjektplanen skal handsamast i møte i kontrollutvalet og utvalet skal vurdere om prosjektet er i samsvar med deira bestilling. Eventuelle endringar skal innarbeidast i prosjektplanen.

#### HANDSAMING I MØTET

Under drøfting av ulike moment for selskapskontrollen, var utvalet m.a. innom dette:

- Generelt om overtaking av private anlegg for vatn og avløp.
- Forskjelsbehandling?
- Pålegg om tilknytning til vatn og avløp.
- Sjølvkost

Deloitte AS v/ Silje Sivertsen deltok under drøftinga og noterte innspela som kom.

Vedtaket var samrøystes.

## VEDTAK

1. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve.
2. Prosjektplanen skal handsamast i møte i kontrollutvalet og utvalet skal vurdere om prosjektet er i samsvar med deira bestilling. Eventuelle endringar skal innarbeidast i prosjektplanen.

## **40/13 KONTROLLUTVALET SIN MØTERETT I GENERALFORSAMLINGAR**

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet gjev leiar fullmakt til å vurdere om nokon frå kontrollutvalet skal delta på generalforsamlingar i selskap som kommunen har eigarskap i etter kommunelova § 80, samt kven som skal delta.
2. Kontrollutvalet ber kommuneadministrasjonen fortløpande oversende innkalling til generalforsamlingar i heileigde kommunale selskap til kontrollutvalet ved sekretariatet og revisjonen.

### HANDSAMING I MØTET

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

## VEDTAK

1. Kontrollutvalet gjev leiar fullmakt til å vurdere om nokon frå kontrollutvalet skal delta på generalforsamlingar i selskap som kommunen har eigarskap i etter kommunelova § 80, samt kven som skal delta.
2. Kontrollutvalet ber kommuneadministrasjonen fortløpande oversende innkalling til generalforsamlingar i heileigde kommunale selskap til kontrollutvalet ved sekretariatet og revisjonen.

## **41/13 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR**

### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

### HANDSAMING I MØTET

Ikkje særskilte merknader til nokre av møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

## VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

## **EVENTUELT**

Kort drøfting av artikkel i Kommunal Rapport om Tromskraft.

Sonja Hellen Sele  
utvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef / møtesekretær